

Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3668 - 21/30015

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
03.05.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 342/40 Eikeland

**Tiltak:** Utsleppsløyve  
**Byggjestad:** Gbnr: 342/40  
**Tiltakshavar:** Yngve Eiliv Thuen  
**Ansvarleg søkjar:** Jens H N Bjordal

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve for etablering av mottatt 22.04.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Anleggstype.** Det går ikkje fram av søknaden kva type slamavskiljar som er tenkt nytta eller opplysning om storleik på denne. Opplysningar om dette må vere vedlagt søknaden.
2. **Tømmeavtale.** Det går ikkje fram av søknaden korleis slamavskiljaren er tenkt tømt. Kommunen vurderer at denne ikkje kan tømmast med bil. Det må sendast inn signert tømmeavtale med føretak som har godkjenning til å tømme frå båt.

Rettleiing finn du på heimesida til Alver kommune:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/ma-du-sokje/sokje-om-privat-avlopsanlegg-og-utsleppsløyve/>

### Frist

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **03.06.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jens H N Bjordal  
Yngve Eiliv Thuen

Grønlandsvegen 11  
Kirsten Flagstads vei 24

5918  
5146

FREKHAUG  
FYLLINGSDALEN